

Omdanning av Norsk språkråd

Høyringsfråsegn frå Norges Handelshøyskole v/Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon

1. Språkpolitiske utfordringar som det nye kompetanseorganet (heretter NKO) bør ta tak i.

1.1. **Domenetap.** Faren for at vi misser norsk som bruksspråk innanfor viktige fagdomene, er høgst reell og aukande. Globaliseringa av næringsliv og industri krev eit felles kontaktspråk, dvs. i praksis engelsk, som dermed fortrengrer norsk også i bedriftsintern kommunikasjon. NKO må forvalta ansvaret for at norsk fagspråk blir halde vedlike og utvikla vidare.

1.2. **Språkleg einsretting.** Vitskapen har alltid vore internasjonal, men det absolutte kravet om internasjonal publisering, i tillegg til internasjonalisering av høgare utdanning, har auka presset mot alle andre språk enn engelsk. NKO må vera pådrivar for at norsk ungdom under utdanning får høgkvalitets morsmåls- og framandspråkopplæring der også andre europeiske verdsspråk er obligatoriske.

1.3. **RTTs terminologidatabasar.** Dette er ein nasjonal ressurs som må forvaltast og utviklast vidare. Vi støttar såleis tanken om at "Terminologiarbeid kan uansett vera ei aktuell oppgåve for det nye organet" (Prosjektskisse). Her ligg vi markert etter våre nordiske naboland. NKO må ha ansvaret for å ta initiativ til og koordinera systematisk arbeid med norsk fagterminologi, i samarbeid mellom fagmiljø, språkmiljø, og viktige brukargrupper.

1.4. **Språkteknologi.** Dette har vore eit satsingsfelt frå tidleg 70-tal og fram til den sterke fokus det har innan dagens forskingsprogram (KUNSTI, NorFA m.fl.), og sjansen er god for at framtidige globale språkteknologiske produkt også skal ha ei norsk grenseflate. Men den norske marknaden er så forsvinnande liten at det krev målmedveten satsing og strategisk ressursbruk for å leggja til rette og gjera tilgjengeleg dei produkt som blir utvikla, noko som ingen privat aktør vil finna lønsamt. Dette er ei viktig rolle for NKO.

1.5. **Norsk Språkbank.** Dette er prosjektnamnet for den planlagde store nasjonale elektroniske språkressursen som er føresetnaden for avansert forskning og utvikling med relevans for alle dei ovannemnde områda, som alle store språksamfunn har tilsvarende samlingar til, men som hittil ikkje har late seg finansiera i vårt land. Å skaffa politisk gjennomslag for dette prosjektet bør stå øvst på NKOs dagsorden.

2a. Behov som NHH har som det kunne vera ønskeleg å få dekkja av eit statleg språkorgan.

Det er viktig at NKO i sitt mandat får eit klart overordna nasjonalt ansvar som omfattar punkta under 1. ovanfor. Men det inneber ikkje at fagsubstansen og det faglege arbeidet blir sentralisert under ein fast tilsett fagstab. Tvert imot bør NKO opptre som initiativtakar, tilretteleggjar, koordinator og ikkje minst pådrivar for det forskings- og utviklingsarbeidet som også idag langt på veg skjer i desentraliserte institutt- og fagmiljø, men der ingen instans har eit overordna forvaltaransvar.

Skal NKO kunna fylla ei slik rolle, vil det vera naturleg med ei intern oppdeling i mindre fagråd med representasjon frå dei aktuelle miljøa. NHH ville utan tvil finna det tenleg å vera representert i eit slikt fagråd for t.d. "Fagspråk og terminologi", som ville kunna fanga opp det meste av det som er omtala under punkt 1 ovanfor.

2b. Område der NHH meiner å kunna bidra i det samla språkpolitiske arbeidet.

Med sin faste fagstab representerer NHH landets største ekspertmiljø for økonomisk-administrativ fagkunnskap. Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon er i tillegg det

tyngste kompetansemiljøet for fagspråkleg og terminologisk spesialisering mellom norsk og dei store europeiske språka, med lang tradisjon for produksjon av referanselitteratur.

I løpet av det siste tiåret har Instituttet også møtt den språkteknologiske utfordringa og driv no, i tillegg til ei rekke enkeltprosjekt, også eit større NFR-finansiert kunnskapsbank-prosjekt (KB-N, under -KUNSTI-programmet) i samarbeid med Aksis-miljøet ved UiB. Det er dette miljøet som no forvaltar arven frå "Norsk Termbank" og "NAVFs EDB-senter", og som m.a. har levert og vedlikeheld datasystemet til "EU-EØS-basen". KB-N-prosjektet inneber vidare oppbygging av eit større domenespesifikt tekstkorpus på norsk og engelsk med tilhøyrande termdatabase, som skal bli søkbare via WWW. Denne ressursen skal også kunna utnyttast gjennom automatisk omsetjing frå norsk til engelsk.

Det skulle gå fram av ovanstående at NHH i samarbeid med UiB forvaltar eit sterkt fagmiljø for forskning, utvikling og drift av fagspråklege kunnskaps-, tekst-, og termbasar med relevans for norsk og framandspråkleg fagkunnskap og terminologi innanfor viktige fagdomene, og såleis vil kunna gi viktige bidrag til det samla språkpolitiske arbeidet som NKO bør utføra.